

NAV Voss - Tilsyn frå Statsforvaltaren 16.-17. mars 2022

Tema for tilsynet

- Sosiale tenester for personar mellom 17 og 25 år, avgrensa til tenestene opplysning, råd og rettleiing (§17) og økonomisk stønad (§18 og 19). Tilsynet omfatta tildeling av tenester og oppfølging av tenestemottakarane, og brukarmedverknad og samhandling med andre tenester som ledd i dette.

Sosial-
tjenesteloven



med rundskriv hovednr. 35
og forskrifter

2020

Statsforvaltaren sin konklusjon

- Voss herad sikrar ikkje at NAV dokumenterer tenesteytinga på ein måte som gjer det mogleg å sjå at tenesta opplysning, råd og rettleiing vert ytt dersom brukaren har behov for det og ønskjer slik hjelp frå NAV.
- Vidare sikrar kommunen ikkje at vedtak om økonomisk stønad byggjer på forsvarleg kartlegging og konkrete, individuelle vurderingar av søkjarens behov.
- Kommunen sikrar heller ikkje nødvendig dokumentasjon av oppfølging av personar mellom 17 og 25 år, som får sosiale tenester i form av opplysning, råd og rettleiing og/eller økonomisk stønad.

Statsforvaltaren sin konklusjon

- Kommunens arbeid er på desse punkta ikkje i samsvar med sosialtenestelova §§ 17, 18, 19 og 20a, jf. forsvarlegkravet i sosialtenestelova § 4, forvaltningslova § 17 om forvaltningsorganets utgreiings- og informasjonsplikt, og forvaltningslova §§ 23, 24 og 25 om vedtak og grunngjeving.
- Vi ber om tilbakemelding om kommunens årsaksforklaring og plan for retting av lovbrøtet innan 01.09.2022, sjå kapittel 6 om kva planen skal innehalde. Vi vil innan same frist ha tilbakemelding om leiinga si oppfølging og kontroll med om tiltaka verkar. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til dette, eller treng lenger frist. Vi vil på bakgrunn av denne tilbakemeldinga vurdere om det er behov for vidare oppfølging frå vår side.

NAV Voss sitt arbeid med å svare ut avvika i rapporten

- Sosialfagleg team og ungdomsteamet ved NAV Voss har starta arbeidet med å sjå på malar for vedtak og korleis me kan sikra at det vert dokumentert at tenestemottakarar mellom 17 og 25 år vert tilbydd tenesta opplysning, råd og rettleiing etter sosialtenestelova §17.
- Alle tilsette som jobbar i dei to nevnte teama skal få betre opplæring i sosialtenestelova §§18 og 19. Dette for å sikra at vedtak om økonomisk stønad byggjer på forsvarleg kartleggjing og konkrete, individuelle vurderingar av søkjaren sitt behov.
- NAV Voss vil laga nye rutiner som sikrar at me dokumenterar oppfølginga av personar mellom 17 og 25 år, som får tenester etter sosialtenestelova §§ 17, 18 og 19.

NAV Voss sitt arbeid med å svara ut avvika i rapporten

- NAV Voss vil innan fristen, som er 1. september 2022, melda tilbake årsakene til desse avvika og samstundes laga ein plan for retting og senda dette til Statsforvaltaren i Vestland.
- NAV Voss vil i tillegg laga ei rutine for korleis leiinga ved kontoret skal kontrollera at tiltaka virkar.